



# STRATEGI 2023-2024

Sogn og Fjordane helsefellesskap

## *Samhandling for brukarane*

### Samandrag

Sogn og Fjordane helsefellesskap vart etablert i 2022. Strategien er utarbeidd i samarbeid mellom Helse Førde HF og kommunane i opptaksområdet for å sikre lokal forankring rundt samarbeid om våre felles brukarar. Betre felles planlegging, kompetanse og rekruttering samt fokus på dei fire prioriterte pasientgruppene i Nasjonal helse og sjukehusplan er nokre av områda som vi i denne strategien planlegg saman for.

# 1 Innleiing

[Nasjonal helse- og sykehusplan 2020 - 2023](#) (NHSP) introduserte etablering av helsefellesskap mellom kommunar og helseføretak som eit tiltak for å skape ei meir samanhengande og berekraftig helse- og omsorgsteneste. Dette inneber ei vidareutvikling av Samhandlingsreforma (2012) og det vert lagt stor vekt på at kommunar og helseføretak skal sjå på kvarandre som partnerar framfor partar. Som eit ledd i arbeidet inngjekk regjeringa og KS ein avtale om innføring av helsefellesskap. 19 helsefellesskap er no etablerte knytt til dei eksisterande føretaksområda.

Sogn og Fjordane helsefellesskap vart etablert i 2021. Helsefellesskapet sin struktur er tilpassa føringane i NHSP, men ein har også lagt til rette for å halde fram med dei veletablerte samarbeidsformene og -forum ein hadde frå tidlegare.

Hovudfokus for Sogn og Fjordane helsefellesskap i perioden 2023 - 2024 vil vere å etablere retning gjennom felles strategi og gode samhandlingsrutinar og -avtalar innanfor den nye strukturen i helsefellesskapet.

## 2 Innsatsområder

### Felles planlegging

Felles verkelegheitsforståing er ein viktig føresetnad for å planlegge og utvikle tenester saman. Kommunane og helseføretak har difor behov for gode styringsdata, analysar og framskrivingsverktøy. Felles planlegging bør basere seg på framskrivingar og analysar som ser den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta i samanheng.

Helse Førde HF, kommunane og Høgskulen på Vestlandet etablerte i 2012 Samhandlingsbarometeret (SB), ein nettstad som gir relevant styringsinformasjon knytt til samhandling tilgjengeleg for kommunar og helseføretak. Etablering av kommunalt pasientregister legg til rette for at Helsedirektoratet kan lage styringsinformasjon om pasientforløp på tvers av kommunar og sjukehus.

Ein felles overordna strategi syner korleis Helse Førde HF og kommunane saman planlegg for tenestene i åra framover. Hovudmålsettinga med strategien er å saman prioritere innsatsområder der det skal setjast i verk tiltak for å betre tenestene til brukarane i åra framover. Dette skal konkretiserast i ein handlingsplan som skal evaluerast og reviderast i fagleg samarbeidsutval kvart andre år.


I dei neste åra vert det også viktig å sikre god kjennskap til gjeldande avtalar hos alle aktørar og følge opp avtaleutvalet sitt arbeid med revisjon av avtaleporteføljen mellom kommunane og Helse Førde HF. I tillegg vil det vere relevant å etablere møteplassar/forum der partnerane har felles planlegging som tema.

Særskilte områder som er viktig at vi samhandlar rundt framover vert også sett i samanheng med nasjonale føringar og lokale styringsdata frå SB.

## Rekruttering og kompetanse

Statistisk sentralbyrå sin rapport [Arbeidsmarkedet for helse- og sosialpersonell fram mot 2035](#), skildrar stor underdekning av helsepersonell for framtidens behov. Det vil difor vere viktig at ein gjennom samarbeid i helsefelleskapet finn gode modellar for systematisk arbeid med å utdanne, rekruttere, behalde og vidareutvikle medarbeidarar innan tenestene, og at ein i størst mogleg grad kan gjere dette arbeidet saman i staden for å konkurrere med kvarandre.

I Sogn og Fjordane helsefelleskap syner berekraftsbrøken ei utfordring allereie. Samla sett ligg denne på 3,4 yrkesaktive pr. pensjonist i 2020, medan ein fram mot 2040 ser ein nedgang til 2,1 yrkesaktive. Dette vil utfordre alle delar av tenestene, og saman må vi finne gode løysingar for å sikre berekraftig drift i vårt område.



Sogn og Fjordane helsefelleskap vil saman sjå på aktuelle tiltak kring rekruttering og stabilisering av personell, og bruk av kompetanse i tenestene.

## Prioriterte pasientgrupper

Helsefelleskapa bør konsentrere si planlegging og tenesteutvikling om dei pasientgruppene der behovet for samhandling er størst. Regjeringa løfter fram fire pasientgrupper som helsefelleskapa særleg bør utvikle gode tenester for:

- barn og unge
- personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem
- skrøpelege eldre
- personar med fleire kroniske lidingar

For inneverande periode er det i Sogn og Fjordane helsefellesskap gjort vedtak om å prioritere arbeid innanfor gruppene barn og unge, og personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem. Parallelt vil ein vidareføre pågåande arbeid i dei to andre prioriterte pasientgruppene.

## **Barn og unge**

Målsettinga i NHSP er at born og unge med langvarige behov for helsehjelp og deira familiar skal kunne leve så normale liv som mogleg. Behovet for slik helsehjelp kan skuldast medfødde tilstander, eller vere ein følge av sjukdom eller ulukker.

I Sogn og Fjordane helsefellesskap skal vi satse på utviklingsarbeid som sikrar gode overgangar mellom tenestenivå, god kommunikasjon og gode, samanhengande pasientforløp for gruppa barn og unge.

## **Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem**

NHSP viser til det kommunale kartleggingsverktøyet Brukerplan at det er 26 000 personar i Norge som har så alvorlege psykiske lidningar, ulike tilleggsbelastningar og så lågt funksjonsnivå at dei ikkje har høve til å nytte seg ordinære tenester. Mange har og omfattande rusproblem og somatiske utfordringar. Desse har behov for godt integrerte tenester frå mange instansar i kommunen og frå spesialisthelsetenesta.

Sogn og Fjordane helsefellesskap arrangerte våren 2022 erfaringskonferanse for tenestene innan psykisk helse og rusarbeid. Arbeidet på denne konferansen bidreg til å sjå utfordringsbiletet i vårt område, samt prioritere kva tiltak som er naudsynt i åra framover for å betre samhandlinga rundt denne pasientgruppa.

I helsefellesskapet skal vi satse på større grad av tverrfagleg samarbeid og teamtenking t.d. gjennom etablering av FACT/ACT team, legge til rette for god kommunikasjon og hensiktsmessige møteplassar mellom fagfolk, brukarar og pårørande.

## **Skrøpelege eldre**

NHSP skildrar skrøpelegheit som ei tilstand som særleg rammar eldre. Befolkninga i aldersgruppa 80 år og eldre vil nesten verte dobla fram mot 2035. Dette vil legge press på ressursane i kommunale helse- og omsorgstenester og i sjukehusa. Allereie i dag utgjer skrøpelege eldre majoriteten av utskrivingsklare pasientar i sjukehus.

I helsefellesskapet skal vi framleis satse på fagnettverket innan eldremedisin, legge til rette for større grad av teamtenking og følge opp arbeidet frå læringsnettverk gode pasientforløp.

## **Personar med fleire kroniske lidningar**

Personar med fleire kroniske lidningar er ei stor og samansett gruppe med ulike behov for tenester og koordinering. Personar med fleire kroniske lidningar kan oppleve ei fragmentert helse- og omsorgsteneste der dei sjølve eller pårørande ender opp som koordinatorar.

I helsefellesskapet skal vi halde fram med å satse på arbeidet frå læringsnettverk gode pasientforløp, digitale helsetenester og legge til rette for større grad av teamtenking.

## 4 Andre prioriterte område

### *Akuttmedisinske tenester*

Samarbeid rundt akuttmedisinske tenester er eit sentralt punkt i NHSP. Dette er også eit sentralt område for Sogn og Fjordane helsefellesskap med tanke på demografi og geografi.

I vårt område har kommunane og Helse Førde HF jobba tett saman om [Prehospital plan](#), eit arbeid i tre fasar som vart ferdigstilt våren 2022.

Sogn og fjordane helsefellesskap har også eit formalisert samarbeid i akuttmedisinsk samhandlingsforum som vert eit viktig forum for å vidareutvikle samhandlinga om akuttmedisinske tenester i framtida.

### *Digitalisering av tenester*

Digitalisering er eit naudsynt tiltak for å sikre den framtidige berekrafta i helsetenesta. I helsefellesskapet skal partnarane samarbeide om dei gode løysingane for å styrke pasientar og innbyggjarar sine moglegheiter til å ta aktiv del i eige behandlingssopplegg.

### *Forsking og utviklingsarbeid*

[KSF rapport 2021](#) syner at omlag 90% av alle forskingsmidlar går til helseføretaka medan om lag 10 % går til kommunale helse og omsorgstenester. Med tanke på auka tenesteproduksjon og behandlingansvar i kommunane er det ønskjeleg å dreie denne utviklinga.

I Sogn og Fjordane helsefellesskap er det tydeleg satsing på forsking og utviklingsarbeid i spesialisthelsetenesta, og Helse Førde HF har saman med HVL eit samarbeid gjennom [Helseforskning Sogn og Fjordane](#). Helsefellesskapet bør sjå på modellar for å kople kommunane på eksisterande samarbeid for å sikre ein auke i forskingsaktivitet og utviklingsarbeid i vårt område.